

## **Årsmelding for Osterfjorden pensjonistlag for 2016.**

**Styret 2016 :** Arnfinn Hellevang (leiar) Atle Kirkevik (kasserar) Kåre Eide (skrivar) Gunnar Hosøy, Vendla Urdal, Idar Hindenes (styrem.) Ingunn Eidsheim (varam.) Kyrkja sin rep. er Boris Kuprijanov.

Styret har hatt 9 styremøte i 2016.

Valkomite har vore : Arnfinn Hellevang, Eli Fjelde Vikan og Atle Kirkevik.

### **Aktivitet i 2016 :**

Laget har skipa til 8 pensjonisttreff i kyrkjekjellaren i 2016. Tema på treffa har vore lokalhistorie, vitenskap, litteratur og liknande. Mat og kaffi, song og musikk og ord for kvelden er faste innslag på desse kveldane.

Frammøtet har vore jamnt godt, 30- 40 personar, ja nokre gonger fleire. Laget skipa til vårfest 26. mai 2016. Asbjørn Kristoffersen kåserte. Musikk ved Stedal/Rongve. Servering av rømmegraut, kaker og kaffi..

På adventstreffet 24/11-16 kåserte Harry Wiig Andersen. På dette treffet vart det servert pinnekjøtt, dessert og kaffi. Ca 55 personar deltok på adventstreffet.

Laget skipa til dagstur (sommartur) den 25/8-16 til Tysnes. 40 personar deltok. Flott tur. Veret var ganske bra.

### **Tema me har hatt på pensjonisttreffa i 2016 :**

Bjørn Moe kåserte om livet som sjømannsprest, Leiv Eidsnes fortalte og viste gamal film frå Eikanger og bygder i nærleiken. Johannes Fosse kåserte og filmen «Nordsjøfarten» vart vist. Malvin Fonnes kåserte og viste film om livet i Russland på 50-60-talet. Lokalhistorie av Asbjørn Kristoffersen, Birger Tomasgard kåserte om friluftsliv og god helse. Eilef Løtveit kåserte om dikteren Aslaug Låstad Lygre, Harry Wiig Andersen gav oss interessante adventstankar utfrå skrifter i Bibelen.

### **Saker styret har arbeidd med :**

Hovudaktiviteten har vore å planleggja og gjennomføra pensjonisttreffa og dagsturen. Laget har vore med på TV- aksjonen 2016. Me har og hatt ein medlem i festkomiteen til eldredagen i Lindås. (Vendla Urdal) Vendla representerer laget i Lindås Eldreråd.

Ostereidet 30. januar 2017. Kåre Eide/skrivar